

Saksbehandlar: Ole-Christian Sunde Grytten, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 21/3444-1

Finansreglement - oppdatering 2021

Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek finans- og gjeldsreglementet slik dette ligg føre.

Vedlegg:

AT-01-2020 Revisjonsuttale om finansreglement - Sogndal kommune.pdf

Oppdatert finansreglement

Finansreglement - oppdatering 2021

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

Sogndal kommune oppdaterte finansreglementet i 2020. Sidan førre oppdatering har ein fått erfaringar med ny kommunelov og krav stilt av mellom anna Kommunalbanken. Dette gjeld særleg eit krav frå Kommunalbanken om at finansreglementet skal innehalde eit punkt som gir maksimal del av gjelda som kan komme til forfall neste 12 månader. Dette har ikkje vore inkludert i Sogndal kommune sitt finans- og gjeldsreglement og var utløysande for denne gjennomgangen av reglementet.

2. Endringar

Følgjande endringar er gjort i reglementet:

- Generelt: rettskriving og formatering er gått igjennom.
- Kap. 1.11: Tidlegare kunne ein få inntrykk av at kredittrating alltid skulle gjerast samstundes som ein omtalte føringar knytt til selskap utan offisiell rating. Teksten er tydeliggjort og no står det: Der offisiell kredittrating gjennomførast, skal det vere utført av eit kjent selskap.
- Kap. 3.7: Omskrive tekst knytt til avkastningsfond (tidlegare kursreguleringsfond). Reglementet tek no omsyn til at strykingsreglar i årsavslutninga for driftsrekneskapan kan avgrense moglegheita til avsetting til fondet.
- Kap 4.4: Minimum rentebindingstid er auka frå 0 til 0,5 år. Dette inneberer at ikkje heile gjeldsporteføljen kan ha flytande rente, men ein må noko rentesikring.

- Kap 4.5: Nytt punkt 3 om at «Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for forfall av låna» erstattar «Gjennomsnittleg løpetid på lån (tid til forfall) bør vere meir enn eitt år». Samstundes er det spesifisert i punkt 5 (nytt) at «maksimalt 40 prosent av kommunens samla gjeldsportefølje kan komme til refinansiering neste 12 månader». Etter rådmannen sitt syn tydeleggjer dette viktigeita av å spreie refinansieringsrisiko samstundes som ein inkluderer eit eksplisitt krav som avgrensar kor mykje lån som kan komme til forfall neste 12 månader.

3. Ekstern vurdering

Det oppdaterte dokumentet vart sendt til revisor for gjennomgang i mai 2021. Revisjonsuttalen ligg vedlagt og konkluderar med at framlegget til finansreglementet er i samsvar med krav i lov og forskrift og at det ikkje inneberer vesentleg finansiell risiko.

4. Konklusjon

Dei foreslåtte endringane vil i liten grad påverke gjeldande finans- og gjeldsforvaltninga i Sogndal kommune, men etter rådmannens syn er det viktig å få på plass alle formalkrav og auke lesbarheita i dokumentet. Manglande formalkrav kan potensielt gjere at lånetilbydarar avstår frå å tilby lån. Rådmannen tilrår at nytt reglement blir vedteke slik det ligg føre.